



**Austrheim**  
KOMMUNE

**Forskrift for tildeling av  
langtidsopphald i sjukeheim  
i Austrheim kommune  
- kriterier og ventelister**

opne landskap, ope sinn

# Innhold

<b>1. Føremål, verkeområde og definisjonar .....</b>	<b>3</b>
§ 1. Føremål.....	3
§ 2. Verkeområde.....	3
§ 3. Definisjonar .....	3
§ 4. Ansvar og mynde.....	3
<b>2. Prinsipp og moment for tildeling av langtidsopphald .....</b>	<b>3</b>
§ 5. Grunnlag for vurdering og tildeling eller avslag .....	3
§ 6. Søknad og vedtak.....	5
§ 7. Venteliste.....	5
§ 8. Tiltak i påvente av langtidsopphald i sjukeheim .....	5
<b>3. Betaling, klage og iverksetting.....</b>	<b>5</b>
§ 9. Eigenbetaling .....	5
§ 10. Klage.....	6
§ 11. Iverksetting .....	6

**Heimel:**

Vedtatt i Austrheim kommunestyre (22.06.2023), med heimel i lov 24 juni 2011 nr. 30 om kommunale helse- og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelov) § 3-2-a andre ledd, jf. lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient – og brukarrettigheter. (Pasient- og brukarrettighetslov) § 2-1 e.

## 1. Føremål, verkeområde og definisjonar

### § 1. Føremål

Føremålet med forskrifta er å sikre at pasient og brukar får naudsynte og forsvarlege omsorgstenester, jf. helse- og omsorgstenesteloven § 3-2 a, i samsvar med rettighetsbestemmelse i pasient- og brukarrettighetsloven §2-1 e.

Forskrifta skal fastsette Austrheim kommune sine kriteria for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim, samt skildra korleis pasient eller brukar kan ivaretakast i ventetida.

### § 2. Verkeområde

Forskrifta gjeld alle som bur eller oppheld seg i Austrheim kommune, og som har behov for langtidsopphald i sjukeheim der dette er det einaste tilbodet som kan gje naudsynte og forsvarlege helse- og omsorgstenester. Langtidsopphald i sjukeheim vert gitt ved Nordliheimen sjukeheim.

### § 3. Definisjonar

Med sjukeheim forstås ein helseinstitusjon som fell inn under forskrift 16. desember 2011 nr.1254 om kommunal helse- og omsorgsinstitusjon § 1 bokstav d og e, og § 2. Med langtidsopphald meiner ein opphald i sjukeheim på ubestemt tid.

### § 4. Ansvar og mynde

Vedtak om tildeling av langtidsopphald ved sjukeheim i Austrheim kommune vert utført av tildelingstenesta (Forvaltningskontoret).

## 2. Prinsipp og moment for tildeling av langtidsopphald

### § 5. Grunnlag for vurdering og tildeling eller avslag

Austrheim kommune nyttar prinsipp om beste effektive omsorgsnivå (BEON) ved tildeling av tenester og tiltak i omsorgstrappa. Omsorgstrappa skildrar det

kommunale tenestetilbodet på ulike nivå, der aukande hjelpebehov vert møtt med aukande og meir omfattande tenestetilbod /ressursinnsats av ulik art. Langtidsopphald i sjukeheim er kommunen sitt høgaste tenestenivå i omsorgstrappa, og trer i kraft når kommunen ikkje kan gje forsvarleg hjelp i heimen.

Tildeling av langtidsopphald skal skje utifrå ein heilskapleg vurdering der blant anna følgjande moment vert lagt til grunn:

A. Ressursar og nettverk:

- a. Evne til eigenomsorg/funksjonsnivå/bu-evne
- b. Psykisk helse/oppleving av utryggleik
- c. Pårørande og nettverk
- d. Butilhøve
- e. Endring i helsetilstand/diagnose/prognose
- f. Kognitiv svikt

B. Kartleggingsverktøy:

Kartleggingsverktøyet Iplos er eit lovpålagt helseregister. Det skildrar hjelpebehov og ressursar til dei som søker eller mottar kommunale helse- og omsorgstenester. Nivået på hjelpebehov vert delt i tre grupper: noko/avgrensa behov – skår 1,5, middels til stort behov – skår 3, omfattande behov – skår 4,5

C. Andre opplysningar:

- a. Opplysningar frå møte med pasient og/eller pårørande.
- b. Resultat frå vurderings-/korttidsopphald i sjukeheim.
- c. Opplysningar frå anna helsepersonell og/eller andre som yter helse- og omsorgstenester. Gjeld m.a. resultat frå medisinsk behandling ved sjukehus.

**Ved tildeling vil ein særskilt legge vekt på følgjande kriterier:**

- a. Personar med hjelpebehov der nødvendig kompetanse og utstyr for å sikre helseoppfølging og behandlingar som berre kan gjevast ved sjukeheimen.
- b. Personar i slutfasen av livet med behov for tilsyn og omsorg gjennom heile døgnet.
- c. Personar med demensliding med behov for kontinuerleg oppfølging, skjerming og omsorg gjennom heile døgnet.

**Samtykke og informasjon:**

- a. Samtykke frå pasient til å innhente ytterlegare opplysningar frå andre som er naudsynte for saksutgreiinga.

b. Gje pasient den informasjon og rettleiing som trengs for at vedkomande skal kunne ivareta sine interesser i saka, herunder informasjon om betaling, jf. denne forskrift § 11 tredje ledd .

Pasienten har rett til å velja å la vere å ta imot langtidsopphald i sjukeheim, med mindre vilkåra i lov 2.juli 1999 nr. 63 kapittel 4A er oppfylt.

Pasienten mister ikkje rett til å stå på venteliste ved å takke nei til eit tilbod som blir gitt av kommunen.

## **§ 6. Søknad og vedtak**

Tildeling av langtidsopphald skjer på bakgrunn av helseopplysningar, søknad og vurdering av individuelle behov. På bakgrunn av dette vert det fatta enkeltvedtak. Søknadsskjema finn ein elektronisk på kommunen si heimeside. Kan og hentast på sjukeheimen eller servicekontoret.

Søknad vert å senda til Austrheim kommune v/ Tildelingstenesta, Sætremarka 2, 5943 AUSTRHEIM

## **§ 7. Venteliste**

Om søkjar fyller kriteria for langtidsopphald i sjukeheim, men kan få forsvarlege helse- og omsorgstenester i heimen i påvente av langtidsopphald, skal kommunen setje søkjar på venteliste om det ikkje er ledig plass. Ved ledig plass skal alle på ventelista vurderast av tildelingstenesta.

## **§ 8. Tiltak i påvente av langtidsopphald i sjukeheim**

Personar med vedtak og som ventar på langtidsopphald i sjukeheim, skal få andre tenester for å sikre nødvendig og forsvarleg helsehjelp i ventetida. Det kan t.d. vere auka heimesjukepleie, heimehjelp, dagsenter, støttekontakt, korttidsopphald og/eller andre tenester i omsorgstrappa.

Pasientar som mottar hovudomsorga frå pårørande, kan søkje om avlastande tiltak for særleg tyngande omsorgsoppgåver.

# **3. Betaling, klage og iverksetting**

## **§ 9. Eigenbetaling**

Kommunen si berekning av eigenandel følger av, Forskrift om eigenandel for

kommunale helse og omsorgstenester. (FOR-2011-12-16-1349)

## **§ 10. Klage**

Vedtak kan påklagast til Statsforvaltaren, jf. pasient- og brukerrrettighetsloven § 7-2.

Klage skal vere skriftleg. Ei eventuell klage skal sendast til Austrheim kommune, tildelingstenesta. Dersom det ikkje vert gitt medhald skal klage sendast Statsforvaltaren for handsaming.

Klagefrist er 4 veker, og skal gå fram av vedtaket, jf. pasient- og brukerrrettighetsloven § 7-5. For nærmare opplysningar eller ved behov for hjelp til å fremje ein evt. klage, ta kontakt med Tildelingskontoret.

## **§ 11. Iverksetting**

Denne forskrifta trer i kraft 1.juli 2023.